

Kyrkjeposten



Informasjonsblad for Etne og Skånevik sokn

August 2023



Kyrkjevalet 2023

Etne kyrkje 10 år

Konfirmantane 2023



Kyrkja i Etne og Skånevik

Soknerådsleiar Skånevik:
Astrid Askeland Johnsen

Soknerådsleiar Etne: Anne Jorunn Lindevik

Leiar i Etne kyrkjelege fellesråd:
Reidar Leknes

Adresse: Enge 5, 5590 Etne
Telefon: 53 77 11 70

Tilsette:



Aud Jorunn Grønstad Baustad
Kyrkjevevjerje
kyrkjevevjerja@etnekyrkja.no
96 01 68 64



Randi Frette
Kyrkjelydssekretær
sakshandsamar@etnekyrkja.no
53 77 11 75



Kari Vik Stuhau
Sokneprest i Etne
soknepresten@etnekyrkja.no
53 77 11 71/47 25 35 29



Egil Larsen
Sokneprest i Skånevik
spresten@etnekyrkja.no
99 24 18 70



Elisabeth Vae Haaland
Barne- og ungdomsarbeidar
bua@etnekyrkja.no
90 06 27 28



Linda Horne Hjelmtveit
Kyrkjegardsarbeidar
kga@etnekyrkja.no
47 63 47 77



Randi Matre
Kyrkjelydspedagog
tru@etnekyrkja.no
99 64 36 74



Tone Heide
Organist
organist@etnekyrkja.no
41 33 64 09



Gudsteneste med fin vri!

11. juni gjennomførte me «Tråd in i dansen» - ei svensk folkedansmesse. Ei vanleg gudsteneste på den måten at alle dei vanlege ledda er der (bøn, tekstar, preike, nattverd m.m.), men likevel uvanleg fordi alt er gjennomkomponert i folkemusikkstil. Koret (Prosjektkoret i Etne og Sanctus frå Nysæter krk), liturgane Kari Vik Stuhau og Reidar Ådnanes, orkestergruppa frå Stord og dansarane frå Stord ungdomslag/Stord folke-danslag hadde øvd godt, og den talrike kyrkjelyden vart invitert til å vera med i songen. Flott å samlast så mange ein forsommardag - flott, varmt ver ute og flott, lys og varm stemning inne!

Tone Heide

«Guds kyrkja lysa skulle...»

Etnebygda feirar at det er 10 år sidan den nye kyrkja blei vigsla. Folket her trong ei slik kyrkje, bygt for å koma den nye tida sine krav i møte.

Då dei første rundane med samtalar omkring ei ny og tenleg kyrkje tok til, var det mange som rista på hovudet og sa som sant var et at me har jo mange nok kyrkjer her i bygda! Kva skal me med ei ny – i tillegg!? Var det ikkje nok med 3 kyrkjer kanskje?

Jovisst! Men dei var gamle, og kunne ikkje ut frå regelverket byggjast om for å koma dagens behov i møte. Difor måtte det koma noko nytt!

Gud vil at det skal vera ein stad, eit hus der hans ord gir lys og kraft til barn, unge, vaksne og eldre. Og slik har det vore i landet vårt i hundrevis av år, i by og bygd. Etne-bygda hadde 3 krinsar, og i kvar av dei var det eit kyrkjehus som var samlings-staden for dei som høyrde til krinsen. Kvar av desse kyrkjene har si eiga soge, med røter attende jamvel til kristninga av landet vårt. Beviset for det er den keltiske krossen på Grindheim, eller bautasteinen ved Gjerde der kristne symbol er rita inn. Og Stødle-kyrkja frå 1100-talet er som eit avtrykk frå kyrkjer i Det heilage landet. Etter jordsalferda til Erling Skakke måtte det reisast eit vakkert Guds-hus!


Kyrkjehuset er møtestaden mellom himmel og jord, mellom Gud og hjelpelause menneske. Frå altar og preikestol går ordet om frelse og nytt liv ut til folket, til bygda. Til kyrkja kjem undrande foreldre med barna sine for å gje dei til Herren i den heilage dåpen. Og når bordet blir dekkja til måltid med brød og vin, får lengtande sjeler – eldre og heilt unge – rekka ut si hand og ta imot Guds ufortente nåde.



Etne-bygda treng den nye tidsmessige kyrkja. Men også dei gamle kyrkjene bør brukast. Dei er utsmykka med alterparti og symbol som har berekraft når det røyner på i livet. Dei bør vera opne til høvelege tider, til stille ettertanke og åndeleg fornying.

Eg minnest ein påskedag under gudstenesta i Stødle. Salmesongen lydde og tekstar blei lesne med takk og forventning. Så skjedde det: Då kyrkjelyden reiste seg for å høyra påskeevangeliet, braut sola igjennom dei mørke skyene – og lyfta sinn og tankar opp til Han som har sigra over død og grav og vil lysa for oss like til vår siste stund!

Jens Olav Mæland



ETNE KYRKJE - 10 ÅR

Det har allereie gått 10 år sidan Etne kyrkje blei vigsla med stor festivitas og biskopen på besøk

1. september 2013. Mange, mange menneske har vore innom desse åra. Gudstenester, dåp, vigsler og gravferder – ny-kyrkja har vist seg tenleg på alle vis. KRIK med leik i kyrkjerommet, konfirmantar, trusopplæring og babysong. Stillferdige kveldsgudstenester eller flotte, store konsertar – kyrkjerommet har plass til eit mangfald av aktivitet og eit mangfald av folk som får møta Gud og menneske gjennom desse aktivitetane.

Etne kyrkje 10 år





Etne Kyrkje 2013 –

Etter at bygdafolk og prestar i fleire generasjonar hadde sett behov for ny kyrkje i Etne, og sporadisk arbeid med planar for dette, fekk me i 2013 gleda av å oppleva at ny kyrkje stod ferdig, kunne vigslast og takast i bruk.

Før ein var kommen så langt hadde ein i om lag 10 år vore gjennom ei meir aktiv, og til dels hektisk tid med planlegging og bygging av kyrkja.

Somme spurde om me ikkje hadde nok kyrkjer i Etne. Alle kan vera samde om at 3 kyrkjer i ein radius på 5 km er nok.

Biskop Hagesæter var i Etne på visitas i 2003. Han uttalte då følgjande: "De har ikkje rom som kan husa alt folket utover vanlege høgmesser. Ikkje rom for opne gudstenester med brei deltaking og nye gudstenesteformer. Ikkje samlingsstad for dei som veit med seg sjølve at dei høyrer kyrkja til."

Mange såg det same som Biskop Hagesæter og sette opp tempoet med planlegging.

Kva har så hendt i og rundt kyrkja i desse ti åra.

Då dåverande soknerådsleiar, Pål Baustad i 2013 i samband med vigslinga fekk nøkkelen overlevert, fekk han oppmoding om å vera med på å syta for at Etne Kyrkje blir forvalta slik at mange måtte finna sin plass her, bli kjende med Kristus og styrkjast i trua på han.

Etne kyrkje har på mange måtar innfridd forventningane. Det er ein ljøs og god bygning å komma inn i. Anten me går med faste og raske steg eller sit i rullestol, er det god tilkomst. Dette, i tillegg til god forkynning, har ført til at mange av gudstenestene har fått auka deltaking. Folk i alle aldrar samlast i noko større grad enn før når klokken kallar.

Aller mest ser ein kanskje forskjellen frå før 2013 under store gudstenester som konfirmasjon og på julaften. Nå kan alle som ønskjer



2023



det få vera med.

Under koronapandemien var det godt å ha ei kyrkje med stort nok rom til å samla dei som ein til kvar tid hadde lov å samlast.

Gjennom desse åra har ikkje få gravferder vore frå Etne kyrkje. Svært mange opplever det godt at det her er rom for alle som ønskjer å delta.

Nye gudstenesteformer har me også sett med innslag av både stricking, drama og anna kunstinnslag. Konsertar i kyrkja har me opplevd mange av i løpet av desse åra. Lokalet er godt eigna både for utøvarar og tilhøyrarar. Kyrkjekaffi har også blitt noko anna med den nye kyrkja. Kyrkjetoget gir god plass for å stansa, ta ein kopp kaffi og snakka med folk etter gudstenesta.

Barne- og ungdomsarbeid har fått betre rammer å arbeida under, både når det gjeld lokale

for aktivitetar og matservering.

Det at kyrkjekontoret nå er samla i underetasjen av Enge bedehus, vegg i vegg med kyrkja, må også seiast å vera svært positivt, og at bedehussalen i enkelte høve kan nyttast til å samlast i i samband med gudstenester.

Så er det mange fordelar med Nya kyrkja som etter kvart er blitt så vanlege for oss at me ikkje kjem på det i kvardagen.

Me må kunna oppsummera med å seia at den nye kyrkja har blitt som biskop Hagesæter uttalte i 2003; «ein samlingsstad for alle som veit med seg sjølve at dei høyrer kyrkja til», og som soknerådsleiaren vart oppmoda om ved vigslinga, «at mange har funne sin plass her, ein blitt kjende med Kristus og styrkja i trua på han».

Harald Lindevik, fellesrådsleiar i 2013

PROGRAM FOR JUBILEUMSHELGA

Fredag 1. september kl. 19.00

GOSPEL NIGHT

med Organisten Leif Ingvald Skaug

Prosjektkoret deltek. Billettsal v/inngang 200/100

Leif Ingvald Skaug blei kjent for mange under pandemien, då han sende mange fine musikkprogram via digitale plattformer.

Lørdag 2. september

AKTIVITETSDAG FOR BARN OG UNGE

med 20-års bursdagsfeiring for Etne Soul Children.

Kl. 10.00: Soul children- samling for 4.klasse og oppover - for alle som har lyst å syngja.

Kl. 12.30: Fredagsklubb for alle frå 1. klasse og oppover.

Kl. 14.00: Matservering som Fredagsklubben har laga

Kl. 15.00: Soul Children og Soul Kids - samling for 1.-10. klasse

Kl. 17.00: SOUL CHURCH i Etne kyrkje med kyrjekaffi.

Ei spesiell gudsteneste med mykje song og musikk.

Me får besøk av instruktør frå Oslo,

og Soul Children frå Sauda og Vindafjord er også inviterte.

Det blir mykje song og musikk, og samlingane er opne for alle som vil.

Denne dagen blir det og oppstart for fredagsklubben for hausten.

Søndag 3. september kl. 11.00

JUBILEUMSGUDSTENESTE

Ved prost Svein Arne Theodorsen

og sokneprest Kari Vik Stuhaug med fleire.

Organist Tone Heide. KM-Karane syng.

Etter gudstenesta blir det kaffi og kaker på Enge Bedehus.

Der blir det også høve for helsingar,

og me håpar å få teikna eit minnerikt bilete av kyrkja frå desse 10 åra.

Konfirmantane 2023



Etne Konfirmantar 2023

Foto: Rolf Øyjord

Bak frå venstre: Sondre Savareid, Simen Møland Dagestad, Andreas Sakkestad Bru, Mathias Kaland Slatthia, Carlos Bjarte Queiroz-Fosse, Bjørnar Frette, Leon Horneland Wiland, **Miderste rad:** Kari Vik Stubaug, Markus Sorheim, Markus Thomason, Liv Irene Sande Frette, Lilli Tjelmeland, Linnea Vik Grønstad, Iselin Solgård Moe, Line Birgitte Saltvold-Frette, Harald Kambo Hersvik. **Foran:** Jennie Gursli Tjelmeland, Sofie Lundal Hustreit, Ine Hansen Lysne, Sarah Møland, Anna Sorheim Reiso, Signe Rullestad, Minna Molnes Nielsen.



Skånevik Konfirmantar 2023

Foto: Rolf Øyjord

Bak frå venstre: Vette Gunleiksrud, Bjørnar Larsen Tendal, Kevin Ribesen, Egil Larsen
Foran: Vegard Opheim Rognøy, Ida Samland Tendal, Amalie Moe Tungesvik, Hallvard Haaland Hornenes



RUS: 2. pinsedag
29. mai var det gudsteneste ved dagsturhytta på Rus. Kari Vik Stubaug stod for gudstenesta, der skaparverkets dag vart markert. Vêret var ikkje det beste, men det hindra ikkje folk frå å komma, 31 stk. fann vegen til fjells og hadde ein kjekk dag. Etter gudstenesta var det måltid med medbragt niste.



EIKEHAUGEN: 11. juni vart den årlege gudstenesta i Eikehaugen gjennomført, og det var samtidig sommaravslutning for Tripp trapp treff. Denne dagen var over 70 stk. samla til gudsteneste. Skånevikspeidarane deltok med flaggborg. Før gudstenesta var det sporleik, og etter gudstenesta var det fleire andre aktivitetar for borna i tillegg til kyrkjekaffi med kaker og frukt.



Friluftsgudtenester

Denne sommaren har det vore fleire friluftsgudstenester i bygdane våre.



RULLESTAD: 16. juli var det friluftsgudsteneste på Rullestad ved Egil Larsen. Vêret var ikkje det beste, men Ingebjørg og Per Rullestad hadde gjort klart i løa si, så då var det berre å trekka inn der for dei nesten 30 stk. som hadde møtt opp.



Di stemme tel i kyrkjevalet

Er du ein av dei 3,5 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er stemma di viktig i kyrkjevalet! Når du stemmer, gir du ein tommel opp til kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie den framover.

Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Den tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved kyrkjevalet 10. - 11. september har du høve til å påverke:

To val

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidatar til soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet.

Til soknerådsvalet i Etne og Skånervik har ein gjeng flotte medlemmer sagt ja til å vere kandidatar til sokneråda og leie kyrkjelydane dei fire neste åra. I soknerådet stemmer du på enkeltpersonar. Du har høve til å gje inntil tre kandidatar ei ekstrastemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

I val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet er du med på å bestemme kven som utgjer bispedømmerådet. Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkja. Når du stemmer i bispedømerådsvalet er du dermed også med på å avgjere kven som utgjer Kyrkjemøtet. I dette valet stemmer du på *ei* liste. Listene legg vekt på ulike saker dei vil arbeide for i kyrkja. I *Björgvin* stiller Bønne-

lista, Frimodig kirke, Nominasjonskomiteens liste og Åpen folkekirke lister.

I begge vala er det høve til å gjere endringar på listene, til dømes å gje personstemme til enkelte kandidatar. Kva for endringar det gjeld, og korleis endringane påverkar valresultatet, kan du lese meir om på kyrkjevalet.no.

Les meir om kandidatane til begge vala her i bladet, på nettsidene vår etne.kyrkja.no eller på www.kyrkjevalet.no

Godt val!

Kandidatar Skånevik sokneråd 2023 - 2027



1. Silje Malene

Garvik, 1983

Yrke: Lærer

Vil arbeida for: At kyrkja skal vera ein stad der alle skal føla seg heime. At det skal vera eit tilbod for born i alle aldrar.



5. Astrid Aske-

land Johnsen, 1956

Yrke: Pensjonist, tidl. trusopplærer

Vil arbeida for: Å ha tilpassa tilbod der barn, unge og vaksne kjenner dei høyrer heime og gjerne finn sine oppgaver.



2. Reidar

Leknes, 1954

Yrke: Pensjonist, tidl. lærar

Vil arbeida for: At kyrkjene er presentable og tenlege for gudstenester og anna kristent arbeid.




6. Henny Karin

Haugen, 1970

Yrke: Butikkmedarbeidar

Vil arbeida for: Barne og ungdomsarbeidet



3. Ole Vidar

Melkeraaen, 1957

Yrke: Pensjonist, tidl. mekanikar

Vil arbeida for: Ei open og inkluderande kyrkje. Låg terskel for dåp i alle aldrar.



7. Siren Vika, 1978

Yrke: Lærer

Vil arbeid for: Barn og ungdom.




4. Siri Elisabeth

Eikemo, 1957

Yrke: Pensjonist, tidl. førskulelærer

Vil arbeida for: At kyrkja skal vera ein stad der det er fint å vera både for store og små.




8. Frode Molnes,

1971

Yrke: Lærer



9. Kari Johansson, 1977
Yrke: Lærer
Vil arbeida for: Barne og ungdomsarbeidet



10. Einar Olav Eintveit, 1954
Yrke: Pensjonist



Her kan du stemme:

10. sept. kl. 12.30 - 13.30: Etne kyrkje

11. sept. kl. 10.00 - 20.00: Skånevik skule

11. sept. kl. 10.00 - 20.00: Skakkesenteret

11. sept. kl. 15.00 - 20.00: Sævareid Skule

Førehandsstemming:

Etne kyrkjekontor:

10. aug.- 8. sept. tysdagar og torsdagar kl. 10 - 16 og 31. aug. kl. 15 - 20

elles etter avtale, 53 77 11 70, kyrkjeverja@etnekyrkja.no

Det er også høve til å førehandsrøyste digitalt. Sjå rettleiing på kirken.no/valg/

HUSK LEGITIMASJON

Kandidatar Etne sokneråd 2023 - 2027



1. Kjell Ingvald

Matre, 1951

Yrke: Pensjonist, tidl. lærar

Vil arbeida for: Levande kyrkjelyd for alle



5. Steinar Frønsdal, 1966

Yrke: Bussjåfør

Vil arbeida for: Styrking og fornying av song og musikk i kyrkjelyden. At fleire frivillige kan vera me og gjera ein innsats. Bidra til å styra økonomien i kyrkjelydsarbeidet.



2. Marta Onstein, 1959

Yrke: Pensjonist, tidl. lærar

Vil arbeida for: at kyrkja er open for alle som ønskjer. Laga kulturprogram med musikk og forteljing, og invitera

heile bygda inn.



6. Gerd Ingunn Opdal, 1961

Yrke: Pensjonist, tidl. regiondirektør i Statped.

Vil arbeida for: Det er viktig å stadig retta merksemda mot barne og ungdomsarbeidet i kyrkja. Vidareutvikle det

diakonale arbeidet og gudstenestene.



3. Vidar Fager- jord Harboe.

1978

Yrke: Driftsoperatør

Vil arbeida for: Det musikalske livet i kyrkja. Ein levande kyrkjelyd i alle aldrar.

Eit sant levande Guds ord for alle som ynskjer å ta imot det.



7. Gerd Elin Lønning Kringlebotten,

1965

Yrke: Lærar

Vil arbeida for: Levande kyrkje som kan vera ein samlingstad der dei ulike generasjonane kan kjenna

seg velkomne og verdsette. Rom for ulike aktivitetar og formidling av bibelhistorie gjennom forteljing, song og musikk må stå sentralt.



4. Elisabeth Vae Haaland,

1975

Yrke: Barne og ungdomsarbeidar

Vil arbeida for: Barn og unge. At kyrkja er ein plass der mange føler seg heime.



8. Tone Kristin Flokketvedt, 1976

Yrke: Sjukepleiar

Vil arbeida for: Barne og ungdomsarbeidet, ynskjer å gjera kyrkja kjent, relevant og attraktiv for dei. Ynskjer ei open og inkluderande kyrkje.




9. Ingvor Gundegjerde,
1945

Yrke: Pensjonist, tidl. bonde og arbeid i skuleverket.

Vil arbeida for: Ta vare på dei gamle kyrkjene,

historia og identiteten, at barn og unge blir kjend med dette. At barn og unge blir kjent med og får bevara den kristne trua.



10. Hilde Lindås Nordhus, 1989

Yrke: Heimearbeid-ane.



12. Øyvind Kaldheim, 1966

Yrke: Ingeniør

Vil arbeida for: Arrangement og temakvelder som kan nå ut til flest mogeleg. Kyrkja sin plass i samfunnet både

før, no og i framtida, i Norge og utlandet. At 1000-års markeringa på Bømlo også vert synleg i Etne.



13. Gunnbjørg Ljusnes, 1950

Yrke: Pensjonist, tidl. helsefagarbeidar


Vil arbeida for: At kyrkja kan vera ein open, inkluderande og god stad å vera for alle.



11. Kristin Finnes, 1953

Yrke: Pensjonist, tidl. lærar

Vil arbeida for: Ei open kyrkje med plass til både tru og tvil.



Kandidatar til Bjørgvin bispedømeråd og kyr

Nominasjonskomiteen

si liste er kyrkjelydane si felles liste. Ho er sett opp av ein nominasjonskomite med eitt medlem frå kvart prosti, valt av sokneråda, i tillegg til ein representant frå ungdomsrådet. Listekandidatane er forslag frå sokneråda, ungdomsrådet og nominasjonskomiteen sjølv og komiteen har mellom anna vektlagt kandidatar som er opptekne av at kyrkja sitt arbeid skal vera lokalt forankra, i sokna. Lista representerer ingen organisasjon eller interessegruppe. Saman vil me arbeida til det beste for den lokale kyrkja.

Du kan lesa meir om nominasjonskomiteen sine lister og dei enkelte kandidatane på <https://nominasjonskomiteen.no>

1. **Dag Sele**, 1964, Lege, Stord
2. **Turid Fjose**, 1969, Lege, Voss
3. **Amalie Gjengedal-Eide**, 1996, Lektor, Bergen
4. **Arne Jostein By**, 1948, Pensjonist, Stryn
5. **Kristin Jordheim Bovim**, 1955, Lege, Bergen
6. **Dag-Olav Bjørøy**, 1957, Seniorrådgjevar, Øygarden
7. **Hege Johanne Feet Askvik**, 1957, Pensjonist, Alver
8. **Helge Dyrkolbotn**, 1964, Avdelingsleiar, Austrheim
9. **Amalie Ulevik Bjerk**, 1997, Student, Bergen
10. **Ingeborg Watne Flatland**, 1997, Lærar, Førde
11. **Leif Steinar Alfsvåg**, 1959, Høgskulelektor, Stord
12. **Elise Skjærven Aas**, 2005, Student, Bergen
13. **Rune Garmann**, 1952, Pensjonist, Masfjorden
14. **Torild Teige Strand**, 1959, Lærar, Solund

Bønnelista

vil vidareføre den kristne tru og tradisjon som Den norske kyrkja har vore tufta på sidan reformasjonen. Bibel og vedkjenning er og skal vere kyrkja sitt grunnlag. Den norske kyrkja skal vere ein del av Guds synlege kyrkje på jord, med medlemmer som har Jesus som Herre, og med lokalstyrte kyrkjelydar med leiarar som let seg leie av Den Heilage Ande og som søker Gud i bøn og tilbeding. Bli kjend med kandidatane på www.bonnelista.no

1. **Sigurd Grindheim**, 1968, Professor, Stord
2. **Solaug Anita Apelthun Sæle**, 1951, Økonomisjef, Fjell
3. **Finn Indrebø**, 1948, Pensjonert vaktmester, Askøy
4. **Trygve Johannes Hellesøy**, 1938, Pensjonert prest, Hellesøy
5. **Torid Morsund Øygard**, 1999, Student, Bergen
6. **Magdalena Steinhovden**, 1947, Pensjonist, Naustdal
7. **Anna Helena Bruun**, 1974, Rekneskapsforar, Rådal
8. **Mahdi Alipor Esfahani**, 1979, Butikkmedarbeidar, Førde
9. **Anders Myrene**, 2002, Student, Naustdal

Frimodig kyrkje

ønskjer ei kyrkje som er trufast mot Guds ord, open og evangeliserande. Målet er å nå dagens menneske med evangeliet og utrusta til å følgja Jesus i kvardagen. Kyrkja blir bygd nedanfrå og gudstenestene er pulsslaget. Vi vil gje den lokale kyrkjelyden større ansvar,

kjemøte 2023 - 2027

redusera sentralstyring og byråkratisering og gje rom for kyrkjelydar med ulik profil. Vi vil stimulera til levande fellesskap nær Jesus og nær menneske. Vi ønskjer å styrka arbeidet med søndagsskule og trusopplæring, bibelundervisning og Alphakurs, evangelisering og omsorgsarbeid. Vi vil arbeida for trygge og sunne rammer for born og unge i ei grenselaus tid. Når det gjeld styringa av kyrkja, ønskjer Frimodig kyrkje å endra valordninga i kyrkja bort frå eit polarisert partisystem. Ein nærare presentasjon av kandidatane våre finst på www.frimodigkirke.no/bjorgvin

1. **Gunnar Innerdal**, 1983, Førsteamanuensis, Øygarden
2. **Per Hilleren**, 1959, Bonde, Sogndal
3. **Marthe Hauge Aase**, 1965, Krefstjukepleiar, Skilbrei i Sunnfjord
4. **Egil Morland**, 1950, Professor emeritus, Øygarden
5. **Geir Møller**, 1957, Pensjonist, Bergen
6. **Karen Sofie Uthaug**, 1998, Student, Alver
7. **Hilde Kayser Rohde**, 1955, Pensjonert musikal, Bergen
8. **Annlaug Åm Risa**, 2003, Student, Balestrand
9. **Torstein Backer-Owe**, 1959, Rådgjevar, Odda

Sidan starten i 2014 har

Open folkekyrkje

gjort det vi kan for at Den norske kyrkja har vorte meir open for eit mangfald av menneske med ulike liv og livsrøynsler. Vi har mellom anna sytt for at også likekjønna par skal kunna gifta seg i kyrkja si.

Open folkekyrkje vil at kyrkja skal utviklast vidare som ei open, inkluderande og demo-

kratisk folkekyrkje. Vi vil arbeida for at folk meir og meir skal kjenna at dei høyrer til i kyrkja, slik at den kristne trua vert halden levande og er viktig i den einskilde sitt liv. Kyrkja skal vera open for alle, fremja menneskeverdet og motarbeida diskriminering.

1. **Karl Johan Kirkebø**, 1950, Pensjonist, Bergen
2. **Oddny Irene Miljeteig**, 1954, Pensjonist, Bergen
3. **Live Bakke Nydal**, 2004, Student, Florø
4. **Rune Johan Skjælaaen**, 1954, Pensjonist, Bergen
5. **Anne Vierdal**, 1996, Trusopplærar, Sveio
6. **Eiel Holten**, 1968, Seniorrådgjevar, Bergen
7. **Malene Mortensen**, 2001, Sekretær, Sotra
8. **Håkon Glatved-Prahl**, 1956, Journalist, Alver
9. **Mari Skjerdal Lysne**, 1985, Stipendiat, Sogndal
10. **Vegard Flatebø Trætteberg**, 2002, Lagfører, Bergen
11. **Inger Johanne Gullbrå**, 1949, Pensjonist, Voss
12. **Lars Hana**, 1955, Pensjonist, Askøy
13. **Signe Eikenes**, 1963, Prosjektleiar, Leikanger
14. **Andreas Røed Gravdal**, 1981, Formidlar, Bergen
15. **Ove Sverre Bjørdal**, 1971, Statsautorisert revisor, Bergen
16. **Torill Jørgensen Frøise**, 1972, Rådgjevar, Askøy
17. **Christian Emil Haugen**, 1990, Lege, Bergen

Takk til våre annonsører!

Grannar

Lokalavisa for Etne og Vindafjord



EUROSKO

Etne Senter • tlf 53 75 60 44



LUNDENESET VGS

- en kristen internatskole i Ølensvåg

Salg, service og reiseliv

Studiespesialisering

IT og medieproduksjon

Påbygging til generell
studiekompetanse



Misjonssambandet
skoler



GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller
ring og be om katalog.

www.skattkjaer.no

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

Vigsling av gravplass og urnelund

Første pinsedag etter gudstenesta vart utvidinga av gravplass og urnelund i Skånevik vigsla.

Prost Svein Arne Theodorsen stod for sjølve vigslinga. Etter vigslinga ute på kyrkjegarden var det kyrkjekaffi inne i kyrkja. Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim og fleire kom med helsingar under kyrkjekaffien.



Ved urnelunden er fine staudebed under namneplatene.

Prosjektleiari har vore Axel Krüger frå Etne kommune, og entreprenør har vore Tveit

maskin. Me vil takka for godt samarbeid og godt utført arbeid.



Vigor Bygg – byggjer dine små og store bustaddrumar

- Bustad
- Hytte
- Næringsbygg
- Rehabilitering
- Arkitektarbeid
- Teiknetenester
- Søknadsprossar

Vigor
BYGG



Systemhus
Prosjekt og bygging 1987



– Ta kontakt for ein uforpliktande prat!

www.vigorbygg.no • Post@vigorbygg.no • Tlf. 906 91 614

Barne og ungdomsarbeid

I Etne og Skånevik blir det drive mykje ulikt barne og ungdomsarbeid:

Babysong, Tripp trapp treff i Etne og Skånevik, Fredagsklubb i Etne og Skånevik, Speidarar, KRIK, Etne Soul Children og Soul Kids.

I tillegg til det kontinuerlege arbeidet, vil alle som er døypte få invitasjonar til opplegg for dei ulike aldrane. I haust skal desse tinga skje: 2-års bok med krølletreff, 4-års-opplegg og bok, kyrkjerottene for 5-åringar, snekker/julegåveverkstad for 9-åringar, Lys Vaken for 11-åringar og minikonfirmantar for 12-åringane. Følg med i postkassen for invitasjonar, og meld dykk på.

Dersom de har born som ikkje er døypte eller som ikkje får invitasjon av andre grunnar, er dei likevel velkomne til å vera med. Ta kontakt med kyrkjekontoret så ordnar me det.



Kjære 7. klassing i Skånevik og Etne

Velkommen som **Minikonfirmant** i Etne kyrkje!

Fredag 15. september møtes me i kyrkja kl 17. Her skal me vere saman, bake kake og lage gipsmasker. Me skal få høyre om SAT-7, ein misjons TV kanal. Me skal høyre bibelforteljing om Moses, få innblikk i kva nattverd er og ha konkurranse og ete pizza. Gler oss til å treffe deg! Meld deg på, på kyrkja si heimeside www.etnekyrkja.no.

LAUAREID
Service

SKL 

Ølen
Begravelsesbyrå

Vi hjelper med alt innen

- Gravferd • Gravstein
- Minnesider

Døgnvakt: 908 70 379
olenbegravelsesbyra.no

Vindafjord • Etne • Tysvær

Etne Soul Children 20 år

Dette vil bli feira med bursdagsfest 2. sept. Då får me besøk av instruktør frå Oslo og andre Soul Children kor frå nabobygdane. Det blir mykje song, og andre aktivitetar. Det er ope for alle som vil. Dagen blir avslutta med Soul Church (gudsteneste med mykje song og musikk) kl.17.00 og kyrkjekaffi med bursdagskaker etterpå.

Soul Children konseptet: Starta i Oslo i 2001, og no er det om lag 200 Soul Children kor i Norge.

Soul Children bevegelsen har fem verdier som grunnlag: - Æra Gud, - Heidra menneske, -Prega samfunnet, -Sjå og bli sett, -Ekte glede og ærlighet.

I august 2003 starta me opp med Etne Soul Children. Det var spennande å sjå om det ville komma nokon. 6 stk. møtte første gonge, og etter kvart auka det på, både med jenter og gutar.

I 2013 då den nye kyrkja stod ferdig hadde me lokale til fleire, og utvida med Pre Soul Children (seinare Soul Kids), for dei frå 1. - 4. klasse, då kunne over 60 born samlast i kyrkja på torsdagane.

Gjennom desse 20 åra har det vore om lag 250 born frå Etne som har gått i Soul Children eller Soul Kids her. 15 leiarar har me også hatt med oss kortare og lengre periodar.

Mykje kjekt har me vore med på. Me har opptrédd på mange ulike arenaer, og vore på ulike korfestivalar og andre ting. Me har vore på den internasjonale Soul Children festivalen i Oslo minst 6 gonger. Størst var det kanskje den gongen vårt kor åleine, med Ingrid Kringlebotten som solist, song for 1500 andre i Oslo konserthus.

No er det fleire flinke leiarar som skal driva Etne Soul Children og Soul Kids vidare, og det er me glade for.

Etne Soul Children (4. - 10. klasse) og Soul Kids (1. - 3. klasse) har samlingar torsdagar i partalsveker, og det er ope for alle som har lyst å syngja.

Takk for 20 kjekke år i Soul Children.

Aud Jorunn og Pål Baustad



Livets gang

ETNE

Døpte:

- 09.04 Lars Klokkerstuen
Wangensteen
09.04 Odin Heggebo
13.05 Emilie Moberg
13.05 Sondre Grindheim Hardeland
21.05 Jonah Holte Grønstad
02.07 Oda Kjemhus
13.08 Axel Pareli Adolfsen
13.08 Sigrid Kaldheim Nes

Vigde

- 08.07 Kari Kili og Bertel Lone
12.08 Wenche Katrine Handeland
og Trond Eriksen

Gravlagde/bisette:

- 28.03. Anna Grønstad
12.04. Ole Nervik
14.04. Einar Monsen
26.04. Alf Magnar Birkeland
05.05. Borghild Prestegård
19.05. Gurine Kringlebotten
19.06. Audny Børretzen Myhre
27.06. Peder Ragnvald Kaldheim
13.07. Esther Vevatne
04.08. Svanhild Johanne Jacobsen
Myrvang
18.08 Dorthea Moe Aakra

Dåpstreet – eit symb



Det var barne- og ungdomsarbeidar Elisabeth Vae Haaland (t.h) som re (t.v.) vil følgja opp og invitera treåringane til samling når dei skal få

Ein vakker liten glasengel – på eit smijernstre for fellesskap. Det vil barn som blir døypt i Etne sokn få no.

Det året barnet fyller 3 år vil det så bli invitert til ei samling i kyrkja, der det sjølv kan finna engelen sin på dåpstreet, og få den med seg heim. Dette blir eit nytt tiltak i trusopplæringa i Etne sokn.

Når eit menneske blir døypt blir det del av det store kyrkje-fellesskapet. Her lokalt i våre bygder, og i den verdsvide kyrkja. Jesus sa om seg sjølv at han var vintreet og me greinene. Denne symbolikken blir understreka av ein ny praksis i Etne kyrkje. Soknerådet har kjøpt inn eit vakkert dåpstre i smijern, laga av Egill Ansgar Jensen.

Dåpstreet er plassert sentralt i koret i Etne kyr-

ol på fellesskap



n hadde ideen til å kjøpe inn dåpstreet. Kyrkjelydspedagog Randi Mat-
i dåpsengelen med seg heim.

kje. Der står dåpslysa som blir tent under dåpen og som dåpsbarna får med seg heim. Straks etter dåpen vil barn som blir døpte frå no av, og som er fødte i 2023 og seinare, bli tildelt ein liten glasengel med barnet sitt namn og dåpsdag, som blir hengt på dåpstreet. Dersom barn frå andre sokn blir døpte i Etne vil dei få høve til å kjøpe glasengelen med seg heim.

Glaskunstnar Anne Hilde Øigarden som har arbeidd over 30 år som prest og prost i Den norske kyrkja har utvikla ei rekkje vakre produkt i glas.

Dei små glasenglane ho har laga til dåpstreet tek utgangspunkt i fargane i det vakre glasmaleriet av Per Oddvar Aarrestad, som utgjør altarbiletet i Etne kyrkje.

Kari Vik Stubaug

Livets gang SKÅNEVIK

Døpte:

29.07 Frøya Molnes Harila

30.07 Endre Tjelmeland Bakke

Vigde

29.07 Armid Harila

og Georg Lundebø Molnes

12.08 Susanne Hornenes

og Bjørn Harald Hegreberg
Garborg

Gravlagde/bisette:

10.05. Torgny Arne Hus

06.06. Odd Sivert Ebne

11.08. Hilmar Kaldestad

Kyrkjeporten treng di støtte


Etne og Skånevik kyrkjelyder
seier takk for alle gaver!

Kontonummer: 3543.13.03246

Vipps: 808258



Gudstenestekalender



02.09	17:00	Etne kyrkje	Soul church	Kari Vik Stuhaug
03.09	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Theodorsen, Stuhaug m.fl
10.09	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
10.09	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
17.09	11:00	Grindheim kyrkje	Familiegudsteneste	Egil Larsen
24.09	11:00	Skånevik kyrkje	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
24.09	19:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
01.10	11:00	Gjerde kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
08.10	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
15.10	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
22.10	14:00	Fjæra kapell	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
22.10	11:00	Etne kyrkje	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
29.10	11:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
05.11	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
05.11	17:00	Skånevik kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
12.11	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Kari Vik Stuhaug
19.11	11:00	Skånevik kyrkje	Familiegudsteneste	Egil Larsen
19.11	19:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
26.11	11:00	Etne kyrkje	Gudsteneste	Egil Larsen
03.12	11:00	Skånevik kyrkje	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
06.12	19:00	Etne kyrkje	Lysmesse	Kari Vik Stuhaug
10.12	11:00	Etne kyrkje	Familiegudsteneste	Kari Vik Stuhaug
17.12	11:00	Ebne bedehus	Gudsteneste	Egil Larsen

Endringar kan koma, følg med i Grannar.



Opningstider

Onsdag 11-16, laurdag 11-15

Velkomen innom for ein god handel!